

Kva gjorde dei egentleg på motivasjonskurset før vinterferien?

Kva gjorde dei egentleg på motivasjonskurset før vinterferien?
Marte frå 2TT1 har skrive følgjande:

Motivasjonskurset 2010

Søndag 14.februar reiste eg og 15 andre elevar frå Ulstein og Haram vgs til England. Vi var deltakarar på Motivasjonskurset 2010, og denne turen hadde alle sett fram til lenge.

Vi reiste frå Vigra til Oslo og frå Oslo til Heathrow, London. Allereie ut ifrå denne dagen, visste vi at det kom til å bli ein vellykka tur!

Vi budde i byen Leamington Spa, som låg 40 minutt utanfor Birmingham. Leamington Spa var på storleik med Ålesund, og vi følte oss heime med ein gong! Sett vekk ifrå at dei kørde på feil side, dørene gjekk feil veg osv. Hotellet vårt heitte The Angel Hotel, og det var faktisk eit veldig fint hotell. Sjølv sagt er det heilt andre standardar i England enn her heime i Noreg, så samanlikna med mine forventningar, var det eit veldig bra hotell.

Vi var på kontorbygget til bedrifta Smallpeice Trust kvar dag fram til ca 17:00. det var her kurset var, og det var her leiaren vår, Tolu, stod klar med nye arbeidsoppgåver til oss kvar dag. Han lærte oss kva det vil seie å vere ein ingeniør. Vi bygde bilar, ei vekt, korleis drive ein vinbar og vindmøller, som skulle produsere mest mogleg straum.

Vi var delt inn i fire grupper, og dei vart forandra for kvar dag. Delinga var basert ut ifrå ein personlegdomstest vi tok heilt i starten. Testen fortalde oss korleis vi var som person og korleis vi kom til å jobbe i ei gruppe. Resultatet stemte overraskande bra!

Til oppgåvene vi skulle gjere, fekk vi eit breitt utval av materiale, som vi skulle bruke til å bygge dei med. Kvar del av det vi brukte, kosta sjølv sagt pengar, så vi måtte tenke smart når vi bygde det. Oppgåva skulle vere billig å produsere og å selje. Då vi skulle drive ein vinbar, var målet å få eit godt overskot. Det var eit veldig spennande opplegg, og i alle fall eg lærte mykje om det å vere ein ingeniør.

Men vi var ikkje på kurs og gjorde oppgåver heile tida. Vi fekk også sjansen til å sjå England litt. Måndag var vi på Warwick Castle. Det er eit middelalderslott, som vart bygd av William the Conqueror (Direkte oversett: Sigerherren William) in 1068, og det er i dag eit populært turistmål. Sidan det var bygd, har slottet gått gjennom fleire endringar som redesign av bygg og fått tilbygg som til dømes tårn.

Ein annan dag var det duka for fotballkamp! Vi reiste til Nottingham Forest for å sjå kampen mellom dei og Sheffield United. Totalt var der 22.100 supporterar til stades, og kampen enda 1-0 til Nottingham Forest.

Vi fekk også besøke fabrikk til Land Rover, og sjå korleis dei byggjer bilane sine. Der var det veldig stort, og vi måtte køyre mellom dei forskjellige avdelingane. På denne fabrikk jobba det 6000 arbeidarar. Produksjonen deira var veldig effektiv og nøyaktig. Til å lage og setje saman karosseriet til bilen vart det brukt nesten berre robotar. Heilt på slutten av produksjonslina vart det brukt ?vanlege? arbeidarar. Dei hadde spesialisert seg innanfor eit felt på bilen, og då hadde dei ca. 5 minutt på seg til å gjere ferdig det! Arbeidarane stod på ein fast plass heile tida, medan bilane gjekk rundt på eit rulleband. Dersom berre ein ting gjekk gale, så ville heile produksjonen stoppe opp. Dei var veldig avhengige av at alt stemte. På ein dag produserte dei 1000 bilar! Og kvar bil dei laga, var bestilt og tiltenkt ein bestemt kunde. Og kunden kunne få han akkurat slik han ville.

Ein annan dag reiste vi inn til Birmingham, England sin nest største by. Der skulle vi først på shopping etterfylgt av teater. Shoppingmoglegheitene der var kjempestore og eg var i himmelen! Men i følge meg sjølv var fire timar til det alt for lite? Men somme av oss var svært effektive, og hadde ein del ekstra med oss i kofferten heim likevel. Etter ei travel shoppingrunde var det tid for teater. Det vi skulle på heitte ?Traces?. Det var framført av fem unge skodespelarar/akrobatar. Det var fantastisk og veldig imponerande! Det er veldig vanskeleg å forklare korleis det var, så eg anbefalar deg til å sjekke dei ut på YouTube. Du kjem direkte til filmen ved å trykkje på <http://www.youtube.com/watch?v=8hgxbPIYJw0>.

Siste utflukta vi var på, var til Stratford-Upon-Avon, fødestaden til William Shakespeare. Der hadde vi litt tid som vi kunne bruke slik som vi sjølv ville. Mange av oss åt og såg oss rundt. Det var ein skikkeleg engelsk stad! Slik som du ser føre deg når du høyre ordet England, med gamle bygningar, telefonkioskar osv. Seinare drog vi på den såkalla Ghost Walk i Stratford-Upon-Avon. Opplegget gjekk ut på at ein gammal mann, som var ?død?, tok oss rundt om i byen og fortalde oss spøkelseshistorier. Det var ein heilt grei tur, og vi fekk sett byen, men akkurat den kvelden snødde det. Så i alle fall eg fokuserte mest på å halde meg varm. Eg trur også mange var skuffa, fordi dei hadde forventa noko som var skikkeleg skummelt. Men vi fekk i alle fall sjå fødestaden til W. Shakespeare, og det var veldig kjekt.

I løpet av denne veka fekk vi oppleve mykje, og det er ei erfaring alle deltakarane vil ha med seg vidare i livet ? uansett om vi blir ingeniørar eller ikkje! Eg snakkar nok for alle når eg seier at vi er svært takksame for at vi har fått denne moglegheita J

Marte Gundersen



2010.03.11 13:34
Nei